



Øyvind Sture i rolla som hesjekar på Dønhaug - no kjem han som visemakar!

Neste laurdag, 22, november, er det Uppskoka att i Dønhaugkjedlaren med fleire spennande postar. Ein halvtime omtrent midtvegs i programmet er heilt ny: Øyvind Sture spelar og syng egne tekstar og melodiar. Det er ein interessant debut der han vil ta fram stoff frå CD-en sin.

Ein annan etablert visesongar i bygda vil også ha ei hovudrolle - det er Helge Mikal Røsland, Han har ein halvtime til rådigheit i to omgangar og leiar også allsongen.

Kveldens kåseri er ved Reidar Myklebust og Kjell Yri og dei har eit krevjande oppdrag - dei skal gje ei utgreiing om ølet sin positive verknad på kropp og sjell!

Som alltid ellers vert det på slutten gjeve rom for spontane innslag

som berre fantasien avgrensar.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen